

# Innspel til Temaplan for breiband og digitalisering 2023-2029

## Oppsummering

### Innspel

<b>Organisasjon</b>	Region Fjordane
<b>Namn</b>	Elisabeth Hatlenes
<b>E-post</b>	elisabeth.hatlenes@stad.kommune.no

### **Digital infrastruktur**

#### Digital infrastruktur

Planen har gode målsetjingar om utbygging av raskt breiband i heile fylket. Vi støttar målet om at alle bør ha tilgang til breiband med hastigheit på 1 gigabit/s i 2026

Den teoretisk berekninga av mobildekning syner god basisdekning for 4G. Gjennom nærmare kartleggingar har vi erfart at mange område likevel har manglande eller dårleg mobildekning. Planen bør ha tydlegare målsetjingar på betring av mobildekning og skildre kva rolle fylkeskommunen kan ha i arbeidet for god og stabil mobildekning i heile fylket

Konsekvensane av manglande digital infrastruktur er store, og kan med fordel skildrast meir utfyllande i planen. For eksempel vil manglande eller dårleg digital infrastruktur føre til mindre bruk av velferdsteknologi

Fylkeskommunen har som forvaltar av offentleg støtte til breibandutbygging ei sentral rolle i arbeidet med å få bygd ut den digitale infrastrukturen. Fylkeskommunen har òg ei viktig rolle knytt til informasjon om støtteordningane og hjelp til søknader om midlar til utbygging. Fylkeskommunen må halde fram med dette, og styrke rolla si på dette området

Bortfall eller nedetid på digital infrastruktur blir kritisk etter kvart som fleire digitale tenester og velferdsteknologi blir tatt i bruk. Vi ynskjer at Fylkeskommunen skal følgje dette opp gjennom tydleg felles krav og avtaleforpliktingar ved utbygging av infrastruktur

### **Digital samfunnsutvikling**

#### Digital samfunnsutvikling

Digital inkludering er viktig for at alle innbyggjarane skal ha nytte av digitaliseringa. Kommunane kan søke støtte til etablering av rettleiingstilbod gjennom den nasjonale ordninga Digihjelpen. Planen burde vere meir konkret på kva fylkeskommunen kan bidra med for å redusere digital utanforskap.

### **Digital kompetanse**

#### Digital kompetanse

Bruk av velferdsteknologi vert endå viktigare for å handtere endringane i demografi framover. Fylkeskommunen har som ansvarleg for utdanning av helsefagarbeidarar og datateknikarar ei viktig rolle i å sikre at elevar i desse faga får kompetanse knytt til velferdsteknologi og e-helse, og opplæringa må halde følge med den teknologiske endringa på område.